

Tinging av oppstartsmøte med planinitiativ

Stadnamn og GNR/BNR:	Yndesdalskrysset, Hosteland – Gnr. 14, bnr. 3, 88,89 mfl.	
Plantype:	<input checked="" type="checkbox"/> Detaljreguleringsplan <input type="checkbox"/> Endring av reguleringsplan for:	
Planlagt føremål:	Veg og fortau	
Særlig aktuelle tema for diskusjon:	LNF, Bru over Fensfjordvegen, veg-breidder	
Framlegg til plannamn:	Yndesdalskrysset, Hosteland	
Forslagstillar (skal alltid møte)	Namn/firma, organisasjons- nummer	Masfjorden kommune
	Telefon /e-post	
Konsulent (skal alltid møte)	Namn/firma, organisasjons- nummer	Åshild Blomdal/ABO Plan & Arkitektur AS (org. 879 951 542)
	Telefon /e-post	56570070/post@abo-ark.no
	Referanse-prosjekt?	
Evt. andre som stiller på møtet (namn/funksjon)		

Planinitiativ

a) Kva er føremålet med planen?

Føremålet med planarbeidet er å regulere løysing for fortau frå krysset ved Yndesdalsvegen til Hosteland sentrum. Det vil og vere naudsynt å regulere busslomme, samt sjå på andre forbetringar langs fylkesvegen og av krysset ved Yndesdalsvegen.

Bakgrunnen for planarbeidet er at tiltaket ligg inne som ei prioritert planoppgåve for 23024-2027 i planstrategi for Masfjorden kommune og etablering av fortau er omtalt i *Kommunedelplan for trafikk sikring* for Masfjorden kommune 2021-2031. Det er og eit rekkefølgjekrav fastsett i reguleringsplanen for Hosteland Vest som slår fast at det ikkje kan byggjast bustader i det nye planlagde bustadfeltet før reguleringsplanarbeidet for fortauet frå krysset ved Yndesdalsvegen til Hosteland sentrum er sett i gang.

b) Gjer greie for planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet



Figur 1: Kartutsnitt som viser planområdet markert med rød sirkel


Planområde omfattar Fv570 – Fensfjordvegen, Fv 376 – Yndesdalvegen og tiliggjande areal.



Figur 2: Basiskart med framlegg til plangrense

Planområdet ligg innanfor område sett av til LNF (5100) og omsynssone for landbruk (510). Det er i saksframlegget til formannskapet sitt møte den 09.09.2024 presisert at det er eit viktig mål å ta vare på landbruksinteressene i området, og at ein vil forsøka å avgrensa ulemper for privatpersonar så langt det er føremålstenleg. Det ligg ein bustad innanfor planområdet, og fleire bygningar rett utanfor plangrensa.

Strekninga som skal regulerast (Fv570 Fensfjordvegen) er om lag 165 meter, og har ein ÅDT på 800 og fartsgrense på 50 km/t. Fv. 376 Yndesdalsvegen har ein ÅDT på 250 og fartsgrense 40 km/t.




Figur 3: Utsnitt frå 3D kommune kart. Vegstrekninga som skal regulerast er teikna inn med raud stipla line.



Figur 4: Bustaden innanfor planområdet (google maps)

c) Gjer greie for planlagde bygg, anlegg og andre tiltak

Det skal etablerast einssidig fortau langs fylkesveg 570 Fensfjordvegen. I ABO sitt framlegg til løysing er fortauet lagt på nordsida av Fensfjordvegen. Ved å leggje fortauet på nordsida av vegen, vil mjuke trafikantar kunne ferdast frå Hosteland sentrum til Træet utan å krysse hovudvegen, på veg som kan brøytast om vinteren.



Figur 5: Gul linje viser framlegg til trasé

Det er lagt opp til ei innsnevring av køyrebanen under den eksisterande brua som kryssar Fensfjordvegen. Innsnevringa er gjort på bakgrunn av ønskje om å behalde brua.



Figur 6: Bru over Fensfjordvegen (google maps)

d) Gjer greie for utbyggingsvolum og byggjehøgder


Ikkje relevant

e) Beskriv funksjonell og miljømessig kvalitet

Nytt fortau vil betre tilhøva for mjuke trafikantar, då ein i dag er nøydd å gå i vegbana. Dette er del av fylkesvegnettet og det vil såleis vere vegnormalane som skal leggjast til grunn for utforming av veganlegget.

f) Gjer greie for tiltaket si verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Delar av planområdet er registrert med fulldyrka jord, overflatedyrka jord og produktiv skog. Ein vil i planarbeidet søkje å skåna landbruksareala i størst mogleg grad.




Figur 7: Utsnitt fra gardskart

Vegen vil følgje dagens trase, med utviding på ei side. Det vil vere behov for utviding av allereie etablert fjellskjering.



Figur 8: Det vil vere naudsynt å utvide fjellskjeringa for å etablere fortau (google maps).



Figur 9: Utsnitt som viser topografien i området (kommunekart).

g) Gjer greie for tilhøve til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplanar og områdeplanar, retningslinjer og pågåande planarbeid

Planområdet ligg innanfor område sett av til LNF(5100) og omsynssone for landbruk (510). Delar av området ligg innanfor gul støygrense.




Figur 10: Utsnitt som syner kommuneplanens arealdel og gjeldande planar

5.4.4 Omsyn landbruk - Sona omfattar samanhengande jordbruksområde med stor produksjons- og / eller kulturlandskapsverdi og som er avsett til kjerneområde jordbruk. Det skal takast særlege omsyn til jordbruksdrift og kulturlandsskap ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafør område.

Gjeldande reguleringsplanar i nærleiken av området:

- Områdeplan for Hosteland
- Hosteland naustområde



Figur 11: Utsnitt som viser områdeplan for Hosteland sentrum. Det er naudsynt med noko overlapping for å tilpassa fortau/veg til vedteken plan. Raud stipla linje viser plangrense ved varsel om oppstart.

h) Gjer greie for vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet


Ein førebels utsjekk har ikkje resultert i funn som seier at det er behov for spesielle utgreiingar ut over det som er vanleg som følgje av eit reguleringsplanarbeid. Når det gjeld landbruk, er det areala nord i planområdet som er av høgast verdi (fulldyrka jord).

Det er ikkje registrert kulturminne i, eller i nærleiken av planområdet.

i) Beskriv korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, mellom anna gjennom førebygging av risiko og sårbarheit


I samsvar med plan- og bygningslovens § 4-3 skal det utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Ein slik analyse skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremålet, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Lausmassekart viser breelvavsetning og tynn morene.



Figur 12: Lausmassekart (ngu)

Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsomsråde for flaum (elv), snøskred og steinsprang.



Figur 13: Faresonekart (NVE)

j) Oppgje kva aktuelle offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland Fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Kommunale avdelingar
- Naboar og andre råka partar

k) Belys prosessar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre

Planarbeidet vil varslast på vanleg måte til direkte råka partar og overordna mynde. Ein ser for seg at det vil vere trong for avklaringsmøte med Fylkeskommunen. Ein vil og etablere direkte dialog med grunneigar som eig arealet langs vegen. Det er same grunneigar som nyttar brua over vegen.

l) Gjer greie for vurderinga av om og korleis planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle vil verte ivareteke

Under følgjer vurdering av om planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing, jf. §§ 6, 8 og 10.

§ 6 Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

Jf. forskrift om konsekvensutgreiing kap. 2, § 6 skal det gjerast ei vurdering av om planarbeidet fell inn under planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast.

Forskriften § 6 første ledd:

"Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

a) kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II.

Vurderinga er at planarbeidet ikkje utløyser § 6 a) sidan planen vert fremja som ein detaljreguleringsplan.

b) reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.

Området er i gjeldande arealdel sett av til Sentrumsformål. Vurderinga er at planarbeidet ikkje fell inn under nokon av tiltaka i vedlegg I.

c) tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven"

Planinitiativet inneheld ikkje tiltak i vedlegg I som handsamast etter andre lovar enn plan- og bygningslova.

Konklusjon § 6

Planarbeidet fell ikkje inn under § 6, planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding.

Forskrifta si § 8 inneheld planar der det vert kravd ei nærare vurdering av om konsekvensutgreiingsplikt vert utløyst som følgje av vesentlege verknader for miljø og samfunn. For reguleringsplanar etter § 8 som skal konsekvensutgreiast, er det ikkje krav om planprogram.

Forskriften § 8 første ledd

"Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.**
- b) tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.**

Konklusjon § 8

Vurderinga av bokstav a) er at planarbeidet ikkje foreslår tiltak lista opp i vedlegg II.

Planarbeidet regulerer heller ikkje for tiltak som vert handsama etter anna lovverk og bokstav b) vil ikkje utløysast.

Konklusjon:

Området vert vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutredning jf. forskrift om konsekvensutredning § 6 eller 8.